**FORSLAGSSTILLERS OPPSUMMERING OG KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER –OFFENTLIG ETTERSYN- PRIVAT PLANSAK**

**Plannamn: Hordasmibakken, gnr 137/59 og del av bnr 705**
**Plannummer: 1263_201212**
**Saksnummer:**

| Nr. | Avsendar | Gnr/ Bnr | Hovudpunkt i merknad/uttale | Forslagsstillers kommentar |
|---|---|---|---|---|
| 1 | NGIR<br>v/Henrik O. Kjøpstad<br>Dato: 14.11.2013 | | 1. Kvar einskild hushaldning har i Lindås kommune rett til å setje fram opptil to dunkar avfall kvar veke. I føresegnene vert det teken høgde for dette med ein samlingsplass for dunkar.<br>2. Samlingsplassen bør liggja i eit område som er plant og der renovasjonsbilen kan snu.<br>3. Leikeplass bør ikkje liggja i nærleiken av samlingsplassen.<br>4. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke og verte brøyta når det er snø og is. | 1. Plass for renovasjon er utvida – sjå endring i plankart og føresegner.<br>2. Samlingsplass ligg godt til rette langs kommunal veg og det er høve til å snu i avkjørsel til feltet. Planforslaget vert ikkje endra.<br>3. Fører ikkje til endring<br>4. Tas til følgje. |
| 2 | Hordaland fylkeskommune<br>v/ Per Morten Ekerhovd<br>Dato: 27.1.2014 | | 1. Rår til at føresegnene er tydlege på at det skal leggjast vekt på terrengtilpassing, samt arkitektonisk utforming og materialbruk av god kvalitet. Ein bør unngå store skjeringar og fyllingar og nye bygg bør tilpassast terrenget.<br>2. Krav til kvalitet på uteareal bør gå føre krav til utnytting og at det skal setjast krav til minste uteopphaldsareal.<br>3. Planforslaget legg opp til redusert uteareal på grunn av høg utnyttingsgrad. Det bør vurderast om det heller er parkeringskravet som skal reduserast. For eksempel er det viktig at leikeplass er lokalisert nært bustaden, medan gjesteparkering kan ha litt lengre avstand.<br>4. Ber om at uteopphaldsareal og areal til leik med kvalitet vert sikra i reguleringsplanen.<br>5. Ingen merknader i saka i høve kulturminne. | 1. § 2.4 og § 3.2.4 i føresegnene er endra for å tydeleggjere at det er viktig å ta omsyn til terrengtilpassing, utforming og materialbruk ved oppføring av nye bygg og uteområder.<br>2. Det er satt eit krav på 30 m2 leikeareal per bustad.<br>3. Planforslaget er endra. Parkeringsplass er redusert med 2 plasser og utforming av parkeringsplass er endra slik at leikearealet vert større.<br>4. Dette er sikra i plankartet og føresegnene. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | BKK nett<br>v/ Jan Arne Salhus<br>Dato: 11.11.2013 | | 1. BKK har ein nettstasjon med høgspenningsanlegg i sørvestlege hjørnet av planområdet. Denne nettstasjonen er nødvendig for den lokale strømforsyninga. Anlegget er bygd i medhald av områdekonsesjon. Omlegging av desse anlegga krev ikkje søknad om endring av konsesjon, men ein del omsyn må ivaretakast. (Kartvedlegg med oversikt over nettstasjon i 1:750)<br>2. Dersom det gjennom ny reguleringsplan krev omlegging av eksisterande høgspentanlegg, må det setjast av plass til nye trasear for leidningar/kablar og areal til nettstasjonar. Kostnadene må ein som regel betale sjølv. BKK Nett vil krevje full kostnadsdekning.<br>3. Normalt kan det byggjast inntil kabelgrøfta 1 meter frå senter. Framtidig tilkomst til kabelgrøftene må ikkje hindrast.<br>4. Høgspentkablar under bakken teiknast ikkje inn på kartet.<br>5. Det er sannsynleg at eksisterande straumfordelingsanlegg i området må forsterkast for å forsyne framtidig utvikling.<br>6. BKK Nett kontaktast når endelig detaljplan føreligg. BKK kan rekne ut kva som trengs av forsterkningar og kvar nye anlegg bør plasserast.<br>7. Dersom kommunen vil drøfte trong for forsterkning eller opplysningar om privatrettslege forhold som anleggsbidragsreglar for etablering av strømforsyning eller kostnader ved flytting/oppgradering av eksisterande anlegg kan det tas kontakt med BKK Nett v/Jon Egil Einerstrand. | 1. Fører ikkje til endringar i planforslaget.<br>2. Planen medfører ikkje omlegging av eksisterande høgspentanlegg.<br>3. Tas til orientering.<br>4. Tas til følgje.<br>5. Tas til orientering.<br>6. Tas til følgje.<br>7. Tas til orientering. |
| 4 | Fylkesmannen i Hordaland<br>v/ Kari Elster Moen<br>Dato: 13.12.2013 | | 1. Meiner planen er godt gjennomarbeidd og vil spesielt trekkje fram krav til sykkelparkering og ladepunkt for el-bilar som gode grep.<br>2. Det bør setjast krav til minste uteopphaldsareal. Dette kan løysast gjennom altanar eller takterassar. Ved å setje minimumskrav til uteopphaldsareal sikrar ein at det vert gode og arealeffektive løysingar.<br>3. Endringane som er gjort i føresegnene bør òg visast i kartet. Dette gjeld bla: gangvegar og felles uteopphaldsareal som er føresett lagt til f_LEIK, og sykkelparkering som vi føreset vert lagt til f_P. | 1. Tas til orientering.<br>2. Det er krav om 30 m2 felles leikeareal per bueining i føresegnene. Det er i planen satt av 57,5 m2 leikeareal per bustad men det inkluderar interne gangvegar.<br>3. Gangvegar og leikeareal er vist i illustrasjonsplanen. I plankartet ligg interne gangvegar innanfor område for leik. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 5 | Statens vegvesen<br>v/ Sindre Lillebø<br>Dato: 19.11.2013 | | 1. Planområdet grensar til kommunalt vegnett, men ligg nært opp til krysset til Fv 565 ved Hordasmibakken. Det er gjennomført støyvurdering for utbyggingsområdet og det er framlegg om støyskjerm langs den kommunale vegen opp mot krysset til fylkesvegen. Vi føreset at støytiltak vert utført slik det går fram av føresegnene § 2.6. | 1. Fører ikkje til endringar i planen. |
| 6 | Råd for menneske med nedsett funskjonsevne og Råd for menneske med nedsett funskjonsevne<br><br>Dato: 20.1.2014 | | 1. Tilgjenge til minst 70% av bustadane.<br>2. 100% av uteområdet må vere universelt utforma.<br>3. 2 av parkeringsplassane må vere tilpassa Hc. | Fører ikkje til endringar i planen. Pkt. 2 og 3 er ivaretekne i planforslaget. |
| | Levekårsutvalet<br>Dato: 21.1.2014 | | 1. Det må finnast løysingar for å oppretthalde leikearealet på 50 m2 pr. bueining. | Sjå kommentar merknad nr. 4. |
| | Eldrerådet<br>Dato: 21.1.2014 | | 1. De er kjent med at det blir endringer for «Garveritomta», med omliggjande eigedomar, og med det kanskje ein heilt anna trafikk enn det som er i dag. Denne trafikken må gå «via» «Hordasmibakken». Ber P & M vurdere det framtidige trafikkbilde allereie ved behandling av denne planen. | 1.Fører ikkje til endringar i planforslaget. |